



Pål Villanger
Moldekleiv 69
5919 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/5517 - 20/29628

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
19.05.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 327/4 Moldekleiv

Tiltak: Dispensasjon for legalisering av veg
Byggjestad: Gbnr: 327/4
Tiltakshavar: Pål Villanger
Ansvarleg sækjar: Pål Villanger

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.05.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nabovarsel om dispensasjon skal sendast til naboar. Du kan nabovarsla samle for både dispensasjon og byggesøknaden på veg ,men då må du ha alle detaljteikningar klar.
2. Vi ber om fleire detaljteikningar og opplysningar om bredde på veg, fyllingar og skjeringar.
3. Situasjonsplan skal leggjast ved. Parkeringsplassar må også visast og takast med i søknaden.
4. Det må sækjast om avkjørsel frå kommunal veg. Dette kan ordnast seinare, men før byggesøknaden på vegen vert sendt inn.
5. Før byggesøknad skal godkjennast må det liggje føre skriftleg samtykkje frå grunneigar om tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.06.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar sækjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Pål Villanger

Moldekleiv 69

5919

FREKHAUG